



Kaland trelast AS
Keilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1439 - 15/18955

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 58/155

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.04.15. Vi seier oss leie for sein attendemelding.

Søknad gjeld tilbygg til bustad over 2 plan. Titaket er opplyst å ha eit bruksareal (BRA) på om lag 87 m² og bygd areal (BYA) på om lag 62 m². Berekna grad av utnytting er opplyst til 12,18 %-BYA.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av kommuneplan for Lindås kommune for 2003-2014 /planid 1263-2003. Ny kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra er under handsaming. Arealet er i eksisterande plan og i framlegg til ny kommunedelplan sett av til bustad-føremål.

Eigedomen er ikkje regulert og omsøkt tiltak krev dispensasjon frå reguleringskravet i pkt. 2.1 jf. pkt 2.4 i nemnde kommuneplan.

Avstand til sjø

Eigedomen ligg i 100-metersbeltet langs sjø, og oppføring av omsøkt tiltak krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, før det kan gjevast løyve til oppføring av omsøkt tiltak.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkjast om dispensasjon frå reguleringskravet i kommuneplanen sitt pkt. 2.1 krav om reguleringsplan.
2. Det må søkjast om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, 100-metersbeltet langs sjø.
3. Søknad om dispensasjon må nabovarslast.

Lista er ikkje uttømmende og vi vil oppmode om at søknaden vert gjennomgått på nytt før ny innsending.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.06.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Elin Feste

Lurevegen 1310 5912

SEIM

Mottakarar:

Kaland trelast AS

Keilevegen 45 5953

FONNES